

Privatarkiv nr. 11 : John Scott Keltie og Fridtjof Nansen, 1889-1926



Universitetsbiblioteket
Kultur- og samfunnsfagbiblioteket
postmottak@ub.uit.no

Om John Scott Keltie (1840–1927)

John Scott Keltie var fødd i Dundee i 1840, og døydde i London i 1927. Han vart i 1865 i Edinburgh gift med Margaret Scott (d. 1922), dotter av ein sjøkaptein frå Kirkwall på Orknøyane, og i 1871 flytta dei til London. Dei hadde ei dotter saman.

Keltie var geograf, og hadde gode kontaktar i både presse og forlagsverda. I 1883 vart han *fellow* i Royal Geographical Society, bibliotekar 1885, assisterande sekretær i 1892, og sekretær i ei årrekke frå 1896 til 1915. Dessutan var han redaktør av selskapets *Geographical Journal* frå 1893 til 1917. Han var også hovudmannen bak selskapets ekspansjon, og flyttinga frå Savile Row til Kensington Gore i 1913, og gjorde mykje for å gjera selskapets lokaler i London til den naturlege møtestaden for både britiske og utanlandske oppdagingsreisande og eventyrarar.

Kjelde: Biografi av Elizabeth Baigent, i *Oxford Dictionary of National Biography* 31 (2004): 134-135

Kortfatta informasjon om Privatarkiv nr. 11: J. Scott Keltie og Fridtjof Nansen, 1889-1926

Arkivet inneheld i hovudsak korrespondanse mellom Keltie og Fridtjof Nansen, men òg ein del brev og telegram som Keltie eller Nansen utveksla med andre aktørar. I tillegg kjem trykksaker og anna materiale, fyrst og fremst knytta til Nansen. Alt materialet i dette arkivet skal stamme frå Keltie og skriv seg frå perioden 1889–1926.

J. Scott Keltie si sentrale rolle i Royal Geographical Society er truleg opphavet til den nokså omfattande korrespondansen han hadde med Fridtjof Nansen. Samlinga hans av «Nanseniana» vart kjøpt frå J. W. Cappelens Antikvariat i slutten av 1990-åra. Antikvariatet skal på si side ha fått tak i materialet frå Kelties arvingar (kjelde: universitetsbibliotekar Sigmund Nesset). Materialet vart ordna i 2008 av førstebibliotekar Jo Rune Ugulen, som òg utarbeidde utkast til arkivkatalog.

Ifølgje *Oxford Dictionary of National Biography* er arkivmateriale etter Keltie å finna fleire stader: Scott Polar Research Institute ved University of Cambridge; British Library; Bodleian Library, Oxford; National Library of Scotland; Royal Geographical Society. Om arkivmateriale etter Keltie finst ved andre nordiske arkivinstitusjonar utanom Universitetsbiblioteket ved UiT Noregs arktiske universitet er ikkje kjent.

- *Informasjon utarbeidd av Jo Rune Ugulen i 2008, med nokre tillegg av Per Pippin Aspaas i jan. 2014*

Innhold Privatarkiv nr. 11

Privatarkiv nr. 11 fyller ein arkivboks. *Merk:* Materialet inneheld også to brevkort med frimerke (eitt norsk, eitt engelsk), og ein konvolutt med norske frimerke. Om adressene på alle tre er med Nansen si hand, er ikkje noko Universitetsbiblioteket har avklart enno. Fargekopi av to av desse konvoluttane ligg i dokumentomslaget Arkivinformasjon fyrst i arkivboksen.

- Legg 1. Korrespondanse, i hovudsak mellom Nansen og Keltie (1889–1896)
- Legg 2. Korrespondanse, i hovudsak mellom Nansen og Keltie (1897–1899)
- Legg 3. Korrespondanse, i hovudsak mellom Nansen og Keltie (1900–1908)
- Legg 4. Korrespondanse, i hovudsak mellom Nansen og Keltie (1910–1926).
Utkast til kart (udatert)
- Legg 5. Telegram til Keltie, i hovudsak frå Nansen (1893–1902)
- Legg 6. Korrespondanse med forleggjar C. J. Longman, London (1896, 1899)
- Legg 7. Korrespondanse med forleggjar W. Heinemann, London (1909–1911)
- Legg 8. Korrespondanse med fleire ulike forleggjarar (1896–1897)
- Legg 9. Diverse korrespondanse (1896–1897)
- Legg 10. Korrespondanse med *The Daily Chronicle* (1896–1898)
- Legg 11. Korrespondanse med *The Times* (1892–1893, 1896)

- Legg 12. Korrespondanse med diverse presse (1893–1897, 1910)
- Legg 13. Diverse trykt materiale
- Legg 14. Diverse avisutklipp
- Legg 15. Originale omslag til brev materialet